For 13. gong til Ukraina med hjelpesending.

18.10.2016

Tormod Myklebudt organiserer og er klar for sin 13. tur med hjelpesending til Ukraina.

For 13. gong er Tormod Myklebust og sidemannn på veg til Ukraina med hjelpesending. Det var opplasting i Rosendal, Husnes og Uskedalen i dag. Alt i morgon startar den lange turen frå Stavanger via Polen til Tsjernobyl område i Ukraina, der ein ventar å vera framme alt sundag 23. oktober.

THK stiftinga har i mange år vore ansvarleg for innsamling av kle og sko til dei som har det vanskeleg i Ukraina. For Tormod sin del tok det heile til i 2007 og med nokre avbrekk grunna sjukdom, er antalet turar med hjelpesendingar heile 13. Før har det ofte vore omlasting før avreise, men denne gongen går sendinga direkte til Korosten. På kartet finn vi byen nord - vest for Kiev. Lenger aust ligg Tsjernobyl.

Tormod Myklebust er til vanleg bussjåfør. Han har retur med last frå Potznan til Elverum. Han reknar med å vera heime neste helg. Turen fram går via Danmark, Tyskland, Polen og inn i Ukraina. Returen går via Sverige til Noreg. På nokre turar er det lagt inn stopp i kjende byar, slik som Berlin og Krakow. På denne turen vil ein prøva å få sjå hovudstaden i Polen, Warsszawa. Uskedalen.no vil leggja ut meldingar undervegs på turen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal